Fraa By og Bygd.

Tidskrift

aat

Vestmannalaget.

V.



Bjørgvin.
Hjaa Ed. B. Giertsen.
1871.

1038
*058.1
F841
1871
14

Prentad hjaa Georg Grieg.

Livet ute.

Eg sat inn i Byen og kjendeſt ſom Træl,
men ſlapp or mitt Fengſel.
No ſtilt er min Lengſel;
her er dat ſo godt, og eg kjenneſt ſo ſæl.

Eg ſit her i Skuggen paa grasgrodde Haug
med' Fuglarne kveda;
dei tolka mi Gleda.
Kvar hugſaare Tanke fraa Bringa mi flaug.

I glitrande Solſkin fraa Fjord og til Bred
dei Engjer og Haugar
og Skogen ſeg laugar;
alt kveikjer i Hugen min Fagnad og Fred.

Kring Dalen mitt Auga so hjarteglad fer.
Kvar Syn meg uppliver;
lik Humla, som sviver,
eg Helsebot syg ifraa alt, som eg ser.

Lat Vetren no koma med Møda og Strid;
dat inkje meg ankar,
for Styrkje eg sankar
fraa Livet paa Fjell og i Skog og i Lid.

Henrik Krohn.

Gamle Klokkaren.

Av Olav Lofthus.

Han var høg og rak i Ryggen, endaa han var innpaa dei fjore Tjug; men Haaret var kvitt, meſt ſom Snjo, og det ſtore lange Skjegget, ſom hekk ned i Bringa, likaeins. Han var baade Klokkar og Skulemeiſtar, alt til den nye Skulelogi kom. Men naar han ſkulde muraſt inne i ſameHuſet under heile Skulen og inkje faa fara inn i Kvarmanns Stova, ſo ſkynade inkje Gamle Klokkaren at vera Skulemeiſtar lenger. Han gjekk av og tykte, at han hadde gjort det ſvært godt, daa han fekk tretti Dalar i Penſjon um Aaret.

No paa ſine gamle Dagar heve han havt goda Tider, og naar ein kjem inn i den litle Koven, ſom

han bur i hjaa ein Brorſon ſin, ſo lyt ein jamt ſtogga ei Stund og ſnakka med honom, og um ein vil, ſo fær ein ſnart høyra ei liti Segn fraa gamle Dagar. Si eigi Ættarſoga fortel han ſlik:

Det er lenge, ſvært lenge ſidan, fyrr en Folket i Fjorden her hadde teket til at reiſa Landet rundt med ſina Varor, — daa kom Nordlendingen her inn i Fjorden med det ſame han var paa Stemna i Bergen og bytte ymſe Ting med Folket her. Han hadde Fiſk og Lyſe, her hadde dei Smør og Oſt.

So kom der eingong ein ſtaut Nording inn i Eldhuſet paa ein Gard. Der ſat tvo Gjentor, Døtterna i Huſet, og bakte. Handelskaren gav ſeg i Snakk med deim og tok og gav deim kvar ſi Kringla. Den yngſte aat ſi Kringla upp med det ſame, men den andre var ſo var, at ho fyrſt leet Hunden eta ein liten Mole ſo i all Stilla. Ein kunde no inkje vita, kvat Slag ein framande Ferdakarl bar paa, tykte ho vel. Nordingen lagde Mark til det og likade Gjenta ſvært godt. Sidan vardt han betre kjend der, og Enden vardt, at Gjenta fylgde til Nordland ſom Kona hans. Ho hadde Retten til Farsgarden ſin, men ſkulde krevja

honom fyrr tie Aar var lidne, sofremt det var so, at ho og Mannen hennar vilde hava honom. Aatta Aar var lidne sidan den Vaaren, og i den Tid hadde Foreldri hennar bert fenget nokra faae Helsingar fraa henne. Inkje var det Post den Tid, og litet var det vel med Skrivingi og, tenkjer eg.

So ein Dag ut paa Hausten kom det ei Kona med ei liti Gjenta ved Handi til den same Garden. Det leid so langt paa Aaret, at Folk var ferdige med alt Utarbeidet, og Kvendi var alt komne i Bakstesjau, som vanlegt er baade Haust og Vaar.

Korkje Kona elder Barn var vidare velklædde, og ein kunde trutt, at det var Tiggarar; men Hunden gøydde inkje. Dei kom inn i Eldhuset og helste nokot bljugt. Daa kjende Kona i Huset Dotter si og tok i: „Stakar deg, kjem du slik att! Ja var det inkje det, eg sa med deg? Kvat vilde du no med den Fanten?“ Dotteri svarade inkje, men hadde Moderi seet henne vel inn i Andlitet, so hadde ho kann henda funnet, at ho saag inkje so ulukkeleg ut endaa. Ho sette seg ned med Smaagjenta si i Fanget, og ei Stund etter kom Mor hennar burt med ein turr Bakstekling til Barnet. „Du er vel svolti, du Stakar!“ Men Moderi letst ho inkje

gaa. Barnet beit i den, men det var inkje likt til at vera myket svoltet, — det vardt litet etet. Moderi kviskrade inn i Øyrat til det: „Du skulde hava fenget betre Mat, hadde me naatt ut til Jagti hans Far din.“

Detta høyrde nog Bedstemor og, um det var stilt sagt. Der vardt seet og spurt og undrat. Løysingi paa Gaata vardt no den, at Mannen laag i Stilla utum Neset med ei stor Jagt, og at han no som ein rik Mann kom med heile sitt Bu og vilde setja seg ned paa Garden her. Og so hadde dei funnet paa denne Pretta.

Daa fekk Klokka ein annan Klang, og daa vardt der Fagnad og Heimkomelag paa Garden. „Fraa denne Nordlendingen ettar eg,“ sagde Gamle Klokkaren so mangein Gong. „Han heitte Tomas, og det gjerer eg med.“

I sine unge Dagar hadde han tenkt paa at verda nokot stort. Ein Presteson, som var Student, hadde leset med honom, og den Tid tenkte han, at han inkje vilde slutta lesa fyrr han var vorden Bisp. Sidan slog han daa av nokot um Senn og bytte Bispen i ein Provst, og Provsten i ein Prest og Presten i ein Klokkar, — og den Tanken naadde

han daa. Paa Biſpevegen ſin var han komen ſo langt, at han hadde leget ein Vetter i Byen; men ſo rokk inkje Pengarne lenger.

I Giftarvegen hadde han gjenget dei ſame Stig, ſom i dei andre Livsmaali ſine. Den Gjenta, han var glad i, daa han enno var ein aalmenneleg Lauskarl, ſagde han av, daa han fekk deſſe Tankarne um at verda nokot ſtort. Daa laut det verda ei med Kjole. Ei Landhandlardotter ſkulde daa erva Staden hennar. Men daa han ſo hadde leget nokra Vikor inne i Byen, ſo fekk han betre Vit paa det, og tykte daa, at ho helder inkje var god nog aat ſeg. So laut ho ſegjaſt av. Medan han no gjekk og ſaag ſeg um etter ei onnor, kom det dertil, at han maatte til at ſlaa av og ſaag, at han inkje rokk ſo langt ſom han hadde ſkipat.

Og daa, medan det Thermometer, ſom ſyner kor høgt Voni ſtend, held paa at ſiga, let Mannen oftaſte Giftartankarne fara. Daa Thermometret hans vardt ſtandande ved Graden „Klokkar", ſaag han ſeg um etter ſine gamle Kjæreſter, um ei av deim ſkulde vera fal endaa. Men dei var gifte.

I ſeinare Aar gjorde det honom ſvært vondt, at han inkje hadde voret trugen mot fyrſte Gjenta

si. „Men Ungguten er som Humla," sagde han, „han vil gjerna fara fraa Blom til Blom." Han vilde inkje gjerna snakka um det; men stundom bar det do upp fyre honom, kor som var.

Studenten, som hadde leset med honom, vardt alltid hans beste Vin. Han vardt seinare Embættesmann i same Bygdi. Klokkaren kom ofta i Huset hans, og Borni kallade honom Farbror.

Klokkaren skreiv inkje ofta Vers; men den Hausten Studenten vardt trulovd, fekk han eit Brev fraa Klokkaren, — det var skrivet paa Vers. Det syner nokot, kvat Slags Kjenslor denne høge, rolege Mannen kunde bera løynt hjaa seg sjølv. Det var soleides:

Ja gjekk det inkje, som eg med deg sa',
du kunde inkje meira henne gløyma.
Du kunde tenkja, snakka, skriva, drøyma;
men alltid tykteſt ho imillom sta'.
Naar frampaa Hausten bert eit Fivreld' fauk,
som Tanken lett, imillom turre Kvister,
naar spake Vinden gule Lauvet rister,
naar Traſt og Stare fraa vaart Landslag strauk,
daa stod du tankafull og tenkte paa
det væne Fivreld', som du tenkteſt fanga,

med' Lauv og Blomar enn paa Kviſten hanga,
at der var myket enn at vinna, faa.

So laut du ein Gong leggja ut fraa Land,
um endaa Ferdi di du vilde løyna,
ein Gong du laut do Iſen heilt ut røyna, —
og ſjaa du fekk til Trygd ei trufaſt Hand.

Eg gjeng aaleina ſom eg alltid gjekk
og liver uppatt ſtundom gamle Minne
um eit og annat, du, her djupaſt inne,
ſom aldri ſeg i Dagen ſyna fekk.

Mitt indre Liv, det ber eg løynt og ſtilt,
bert ſtundom kjem det fram i Gaator, Draumar,
naar Minnet ber meg med forutan Taumar;
men daa gjeng Tankaſtraumen ſtridt og vilt.

Slik var det ſtundom, naar eg med deg gjekk
i kyrre Kvelden i den væne Hagen
hjaa Folket ditt, og du ſo trøytt av Dagen
ei liti Kvild deg ned i Hagen fekk, —
ja daa, naar allting talad' høgt um Fred,
daa ſlapp det fram, at Elſk er Livſens Sæla,

at det er Synd av den, som Elsk vil stela
og draga Hjartat reint i Moldi ned.
Eg gjeng aaleina; men mi Bringa svell, —
eg var 'kje trugen mot mi fyrste Gjenta,
og difyr kann eg inkje annat venta,
en det er tungt, naar Minnet paa det fell.

Difyr til Lukka, du min kjære Gut,
som fann og vann ei Saal, som vil deg fylgja
i Storm og Stilla, yver Brot og Bylgja, —
ei Saal, som fyl deg trufast Vegen ut.

Ein slik Mann som gamle Klokkaren, som heve livt igjenom so myket, heve ei makalaus Magt yver Barnehugen. Han fortalde sjølv eit og annat fraa sine Skulemeistardagar, som synte det.

Der budde i same Grendi eit Kvende, som var nokot til Aars komet. Ho var Dotter etter ein Kaptein Holm og hadde misst Vitet sitt. Naar nokon kallade henne Jomfru Holm, vardt ho rasande, og naar Smaagutarne skreiv J. H. paa Husveggjerne, so hadde ho inkje Fred paa seg, fyrr ho hadde fenget turka det ut. Ho sagde sjølv, at ho heitte Madame Knutson. Ein Gong paa ei Fristund

hadde alle Skuleborni til Gamle Klokkaren samnat seg um henne. Sume skreiv paa Bordtoki og sume ropade paa Jomfru Holm, ho skreik Nei og ho turkade Veggjerne reine og saag so reint hugsprengd ut. Paa Slutten kom daa Skulemeistaren og ropade Flokken innatt. Det var sidste Gongen dei gjorde „Tutle Jomfrui" til Meins. Gamle Klokkaren sagde inkje nokot annat med deim en han fortalde deim hennar Livssoga. Og den fortalde han slik:

„De maa inkje terga Jomfru Holm, Gutar. De veit inkje, kor det heve seg, at ho vardt daarleg, men eg veit det, og no skal eg fortelja det, so gjera de inkje slikt meir.

Den Tid ho var ung var Jomfru Holm den vænaste og vitigaste Gjenta, ein kunde sjaa. Daa var her ein ung Skulemeistar innantil or Fjorden. Det var ein bra, vonfull Ungdom; han hadde gjenget i Skule hjaa meg. Jomfru Holm hadde tvo yngre Brøder, og Far hennar, Kapteinen, fekk denne unge Skulemeistaren, Torleiv Knutson heitte han, til at vera i Huset hjaa seg ein Vaar etter at Skulen var sluttad, og læra dei minste Borni hans at lesa. Han og Jomfru Holm vardt svært

gode Viner og lovde paa Reſten kvarandre Hand og Tru. Men daa Far hennar fekk høyra det, vardt han raſande ſint, jagde Skulemeiſtaren paa Dyr, og gav Dotteri hard Reſſing. Det var ſtor Ynk i deim, for dei heldt ſo myket av kvarandre. Han gjekk den lange Vegen herut, ſo at han kunde faa ſjaa henne gjenom Glaſet fraa Vegen, elder møta henne ned i Hagen. Men Kapteinen gjætte henne ſtødt, ſo dei inkje fekk møtaſt. So tok ho til at verda hugſjuk, og paa Slutten vardt ho daarleg. Han Torleiv var inkje god til at verda heima; han ſagde Skulen fraa ſeg og gav ſeg paa Sigling. Han kom burt paa Sjoen ei Uversnott fyre mange Aar ſidan. Men denne Armingen, Jomfru Holm, trur at ho er gift med honom og at han ſnart kjem heimatt til henne, og difyre meiner ho, at ho heiter Madame Knutſon, og naar nokon ſegjer henne imot, ſo tek ho til Graaten. Det er Synd at grøta ſlike, ſom heve lidet ſo tunga Sorger i Verdi, Born, og heve ein voret vond med deim, ſo kjem det ein Gong att."

Det var vel inkje fullkomet klaart fyre Borni, kvat Slags Sorger Tutle-Jomfrui hadde gjenget gjenom. Men at det var ſvært vondt fyre henne,

det trudde dei alle, og aldri gjorde nokon av deim oftare henne til Meins.

Sidste Gongen eg var der i Fjorden, fekk eg inkje sjaa gamle Klokkaren. Um Vetteren sagde han ofta til Brorson sin, at til Vaaren vilde han flytja. Og ein av dei fyrste varme Vaardagarne sette han fraa Land og flutte. Men i Sengi i den litle Koven hans, der laag Liket med ein fin klaar Smil um det ljose Andlitet.

Han var ein Fredens Mann i all si Gjerd,
han vilde alle vel og ingen illa.
Og kvar han for, ein spurde fraa hans Ferd,
han vilde alle hjelpa, Ufred stilla.
Um Saga inkje kjenner Mannsens Namn,
so er daa inkje Mannen difyr minder;
han var av deim, som Herrens Lagnad binder
til Fredens Arbeid i si stille Hamn.

Kring Fjord og Dalar i vaart litle Land
her gjeng vel mangein Mann med store Yrkje
i Dagsens Arbeid kringum Lid og Strand
i Heim og Hytta og til Krofs og Kyrkje.

Men sjeldan fær han so sitt Yrkje gjort,
at det kann Namnet hans kring Heimen bera,
og han er velnøgd med den vesle Æra:
Ditt Namn er litet, men ditt Verk var stort.

Den Draumen min.

I.

Ved Solarglad eg sat i Lund,
daa Fuglen hullad' Bygd i Blumd
og svale Skuggar bygde Tjeld
um Tankens Kvild i Sumarkveld.

Det Stilla seig paa Staaket ned.
Eg sat som med eit Kyrkjeled,
der Englar smaa' i Bøn so blid
song Sæla inn i Folkets Strid. —

I Draumen byggjer Hugen hægst,
daa ser du Livet allra-fegst;
med di du gløymer sjølve deg,
skyt Tanken fram so væn ein Veg.

Og sæl er du, som soleids kann
faa Tak i Traaden, Livet spann;
ja, sæl er du, som finn ein Stad
med Solskin paa ditt Ungdoms-Kvad. —

Eg drøymde Barna-Leik og Lokk,
og fagre Fylgjor foor i Flokk.
Det lengje som i Toka flaut;
til Slutt det upp i Ljos seg skaut.

Ein gamal Kjenning fyrst meg fann,
ein bondeklædd og graahærd Mann.
Han bar eit velkjent Augnekast,
som Sjoen hadde slipat kvast.

Paa Dekket stod han all sin Dag
og agtad' Vind og Skaut og Drag.
Imillom Brotet Hamn han tok,
um Nott og Uve'r Skuta skok.

„Eg synte deg — han talad' so —
den Havkrans, som um Norig stod,
dei kvite Segl i tusund Tal,
som Folket bar og bera skal."

„Eg synte deg kvar Stod og Stad,
der Harald sloſt og Olav bad, —
der Øyvind Haakon Draapa gav
og Thormod song seg sjølv i Grav."

„Det rann 'kje Blom av Vaaren din,
for du fekk Alderdomen min,
og soleids vardt du inkje Kar
at taka Romet av din Far." —

I Taare-Smil han kvarv ifraa.
Eit Kvende sveiv i Staden daa;
ho stullad' heiltupp aat meg inn,
og Rukkor bar den vaate Kinn.

Ho varleg fram eit Klæde tok
og flidde meg ei Bibel-Bok;
ho strauk den heite Panna mi
med knokutt Hand og tok so i:

„Dei Render der paa fyrste Blad
er Namn paa Slægti vaar i Rad;
den støyrste Part fekk hedan snu;
og nedst i Flokken der stend du."

„D'er Morfar din, du skoda kann,
ein velvyrd Kar og Velstands-Mann;
men sidstpaa Magt og Mod han traut;
av Gard og Grunn han trigong laut."

„For Storfolk tykte um dei Rom,
der Strævet hans bar Sumar-Blom.
Dei brende Bonden Saar i Sinn,
og Harmen den vardt min og din."

„Eg livde burt, so vidt eg vann,
den Svida, som i Bringa brann.
Det Tid vil ha', fyrr slikt kann gro.
Gløym alt, um du til deis er god."

„Min Bror og eg paa denne Rand
me kveikte Ljos og bygde Land.
Han tok paa Tarebotnen Fred;
eg — Stakar — seig i Sorgi ned."

„Det skymdest og i Stova mi.
Men verst det bar den myrke Rid,
daa all mi Von med Alda dreiv,
min beste Son paa Fjorden bleiv."

„Aa — Dagen min var tung og kald
og langsamt leid; no er han all.
Men Taara, som eg sankad' inn,
den erver du no, Sonen min."

„Alt, alt, som her paa Jord var mitt,
det lyt du bera fram som ditt. —
Far uredd ut, og berre sjaa
til Himels, naar det røyner paa."

„Ja, Son min, frykt den sanne Gud!
Med Bøn og Song gakk inn og ut!
og gløym ei, d'er det sidste Ord
ho gav deg med, di eigi Mor!"

II.

Og Fylgjet foor fram i Sumarnott-Skygd;
eg tagall sat atter og tenkte,
dei hadde synt Vegen, som rudd var og bygd
og gjenom det Tunglende blenkte.

Dei hadde ſynt Vegen, ſom krøkte ſeg ut
or Barna-Leiken og Gleda, —
daa eg leet att' Dyri og dei bad ſin Gud,
at Barnet ſeg vel maatte ſeda.

Eg ſignad' min Far og hans Ungdoms Viv,
ſom bygde ved Sjoen mi Stova,
og gav meg ſo alt, dei vann av ſitt Liv:
kvar Dag vil eg ſigna den Gaava.

Ein Hjartans Elſk og ein ſorg-given Hug
det kunde vel Livsſyner giva.
Det ſtrøymde ſom yver meg Krafter og Dug,
og fagert det tykteſt at liva.

Daa kveikteſt i Kvelden det Ljos i Lund,
ſom kunde ſo undarleg glanſa.
Dei Tankar, eg grundad' paa ſame Stund,
var beint inkje meir til at ſanſa.

Det ſtod, ſom det ſtadnad', det kom inkje upp
aat Guten, ſom ſturande drøymde;
men Ljosklædet braſt, ſom Hyllet av Knupp
um Blomen, ſom under ſeg gjøymde.

„Aa — heil og sæl, vænaste Kvinna paa Jord!
Kvi vil du no lenger deg dylja?
Den Elden du gav meg, dei lysande Ord
skal stødt og stendigt meg fylgja."

„Aat Barnet er inkje so tungt og hardt,
som naar det lyt heiman seg venda.
Eg minnest den Dagen min, myrk og svart;
det fanst inkje Hamn til at lenda."

„Det fanst ingen Vegen i Fedraland
og ingen paa Himelen høge;
eg myrknade ute paa lausom Sand
og stod so til annat Folks Løge."

„Eg minnest det, Ingrid! den Barna-Smil,
du djupast i Bringa meg lagde,
som jagad' paa Heidi dei tusund Tvil
og Vegen or Villa meg sagde."

„Fyrr tykkest det berre som einkvar Stad
det smaug ein mergstolen Tanke.
Med Glans av ditt Auga dei knytteſt i Rad
og glimad' som Sverdstaalet blanke."

„Fyrr tykteſt det berre ſo veikt og lauſt
det Hjartat med Kjenſlorna mange.
Du vermde, og Livet laag ſkirt og trauſt
og bak i Krokarne lange."

„Og juſt ſom du ſtod der i ſnjokvite Skrud,
den Vegen med Ynde at lyſa,
daa rann det ein Tanke ſo høg og ſo prud,
den kunde dei hundrad vel hyſa:"

„Ein Stige fraa Herren, vaar Frelſar og Bror,
til Landet, ſom Federne rudde;
ein Englaſong upp av vaar blod-dyre Jord,
eit Folk, ſom paa Frelſa ſi trudde." —

„Sjaa, det var den Tanken min, det var mi Tru;
med deg ſo livnad' dei baade.
Aa — fylg dei no fram, — det kann berre du.
Giv Handi, og Herren vaar raade!"

„Lyft Kruna di yver det gull-blanke Haar,
og lat ſo Livs-Stormen dynja!
I Sorgerna mine du vinn deg ein Vaar,
ſom um deg ſkal bløma og ſyngja." —

III.

„Alt det, Barnet kunde giva,
skal i Solglans med deg liva:
Vaarens Syner yver Verdi,
Song og Lengsel ut paa Ferdi. —

Elsken min i Sumar-Stunder
drog deg ned i Andens Under,
Trui paa den Frelsa store
Herren her i Heimen gjorde; —
gav den Eld, som Varden sender
lysande paa Norigs Strender,
paa det gamle Fridoms-Merke,
runnet upp or Folkets Saga,
lyft i Solskin av dei sterke, —
Landsens Hjarta fram at draga.

Ljos var Stundi, daa du fann meg!
ljos var Traaden, som daa spann seg!
Trausk du stod paa Fedra-Grunnen,
fast aat Livsens Magter bunden!

Vil du lenger, lenger skrida,
fram i Vetra-Stormen beina?

Vil du fyr' den Tanken lida?
Gakk, — men gakk i Sorg aaleina!

Der gjekk Folket ditt at kvila,
vil det mot di Livssyn smila?
Myrkrets Fugl med svarte Vengjer
gaular gjenom Gard og Grender;
Freden av dei kvite Hender
attum Fjellets Mur han stengjer.

Tindar, Topp og Taggar skulde
lyfta høgre Himel-Hugen.
Just hjaa Herren kunde Mugen
finna det, som Dalen dulde,
finna seg som Folk i Heimen,
eitt i Landet Gud hev' givet,
eitt i Anden, eitt i Livet.

Ser du hisst den tjukke Eimen,
som seg tungt paa Bygdi breider,
skyggjer alle Samfunds-Leider? —
Folket ser seg rædd paa Tinden,
tykkjest sjølv som stengt i Grindenn',
lutar i sitt tronge Lende;
Frende kjenner inkje Frende.

Naar ein Bror um Brorskap mæler,
Folket fyr' sin Tanke fæler, —
torer inkje av Vaarherre
ta' sitt Land i Vaarens Trivnad,
ta' si Gjerning, ta' sin Givnad,
ta' den Tavla, Saga maalar
upp av Folkelivets Straalar,
ta' sin Song i Moder-Maalet, —
enno, enno Arvestaalet! —
ta' det med Aabyrgsla tunge —
det vardt Folkets friske Helsa —;
ta' med Takkesongar unge
Handi Hans til Norigs Frelsa;
torer inkje sta' ved Sida
aat dei Folki, større, smærre,
som med Tanken sin vil lida, —
dømer dei av med Forstandet,
som til Andens Liv vil vekkja
einkvar Hug i Fedralandet.

Ja, kven kann den Syndi dekkja:
Folket, som i Sorger blødde,
saag den Skald, som sjølv det fødde,
som vardt alen upp at kveda

yver Landet Von og Gleda, —
alt som skilt var, 'hop at samna
paa vaar Framtids-Veg og jamna
Tuvor, Bakkar, Kleiver, Strender.
Folket, som ei kunde mista
Skalden med dess eigen Tanke,
lagad' til ei tidleg Kista,
la' paa Son sin Godens Hender,
skvettad' seg med Bollens Teinar,
bannad' inkje Blotet seinar. —
Vonde Vætter det ei sanke!

Vil du fram i Vetren beina,
gakk, men gakk i Graat aaleina!
Burt eg ber dei Voner veiknande,
Hjartelivets Blomar bleiknande.

Kvat vil du so syngja lenger? —

Stundom maa vel Liv og Lengsel
brjota fram or Hugens Stengsel
lyfta seg paa Tonens Vengjer
dunlett yver Folket svivande, —
sljuga ut med Visor smaae.
Gakk daa upp paa Kyrkje-Garden;

ſet deg paa dei Sengjer graae!
Blomar veks paa Gravar-Barden,
dei hev' Lit, ſo ljos og livande,
men og ſterke Ord at ſegja.
Der vil Vaarens Songar tegja.
All din varme Ungdoms-Tanke
dyl ſeg i dei Taaror blanke.

Elder kann ved Aare-Elden
du faa Rom um Vetra-Kvelden,
giv ſo Borni ſmaa' i Stova
Fedralandets dyre Gaava;
lær deim Frelſarmannen priſa,
ſo ei liti vaarmild Viſa;
legg i Hjartat Samhugs-Tanken,
berre det er Bergnings-Planken!

Elder gakk med Sundagsſolenn'
inn i ytſte Kyrkjeſtolen;
hev' du Sorger, Graat og Harme,
aus det ut i Bøner varme.
Bed fyr' Norigs gamle Rike,
at det aldri ſjølv ſeg ſvike!
Bed, at Gud deſs Synd vil dekkja,
Samhugs-Tanken atter vekkja,

so at heile Folket saman
stemner fram i Elsk og Eining, —
tek si Gleda, tek sitt Gaman
av Vaarherres store Meining:
Norigs Folk er eitt i Livet,
eitt i Landet, Han hev' givet!" —

S. G.

Eit litet Ferdaminne.

Av Hans Mo.

Det hende seg her ein Sumaren, at eg kom til at faa meg ei Trondheimsferd. Eg var so laak av Sjoverk paa Hustadviki, at eg var reint forkomen, daa eg naadde Kristiansund. Det er inkje med meg som med flestalle andre Folk, at eg er god atter, naar eg kjem i Hamn, og difyre var eg inkje før til at leggja Mark paa nokon Ting i denne Byen. Og nokot stort Tap er det vel helder inkje. I Land var eg ein Times Tid og hadde so nær inkje vunnet meg ned i Baaten atter. Det gjorde no sitt til, at det jamvel ifraa Hus, som fyre Storleiken si Skuld gjerna kunde stadet paa Torget i Bergen, inkje var Folkeveg aat Sjoen; det var Gjeiteraaser. Det kann vel vera betre no.

Daa me foro der ifraa, kom eg i Røda med ein Herre, — eg tenkjer han var so myket som Informator i Handelskunnskap. Han var inkje vidare blid korkje paa Aalesunds- elder Kristiansunds-Folket. „Dei brilliera med sin Fatikdom paa andlege Interesser," sagde han. „Brilliera?" „Ja, dei ero so fine paa det desse nybakade Bymenner, at dei likasom stakra og tykkja Synd um deim vera, som ero varmhjartade, naar det gjeld dei andlege Fyremaal. Det er fyre deim just det danade at vera turre og inkje laast vita ein Grand, til Domes um vaart nationale Stræv." „Aa, det var litet høvelegt fyre deim, som maa liva av Havbønderne sine; dei skulde helder leggja seg etter elder rettare sagt halda paa Nordmannskapen sin, for det er no vel mest Bønder alt ihop."

Her vardt Samtalen vaar avbroten av ein annan Herre, som drog Informatoren min med seg ned i Salongen, og soleides kom eg til at vera aaleine med meg sjølv nordetter Leidi fraa Kristiansund. Det ser helder audslegt ut paa Nordmøre og jamvel med Sumartid er det likasom nokot kaldt med Naturi, det vil daa segja ut med Havet. Inn i Landet er det fulla onnorleides. Nord med Hi-

teren og yver Hevne-Fjorden hadde me ein etande kald Nordanvind, so det gjorde so godt at faa krøkja kring um Agdenes og faa Vinden romare. Han er inkje den ufstyrlege Karlen, naar det ber inn i Trondheimsfjorden; det er Vestanvinden som der er Basen.

Eg hadde inkje voret der fyrr, og eg visste inkje kor langt det var inn til Staden. Den kolutte Mannen, som var komen seg upp or Maskinromet og vilde draga frisk Luft, sagde meg, at det var fem Miler. „Ja so," sagde eg, „endaa fem Miler." Men daa eg saag paa Landskapen kringum, kor vænt alt synteſt laga seg, daa lagdeſt det inn paa meg, at det inkje var Tid til at vera utolug fyre Vegalengdi. Det var inkje lenger grasлause Holmar elder vindbitne Strender me foro fram um; det var skogvaksne Lider med Dælder og Bakkar langs med Fjorden og gildt upphyste Gardar.

Det var Sundags Morgon, og me toko til at møta Baat etter Baat med kyrkjeklædde Folk. Eg saag Kvendi sitja med Salmeboki og syngja, medan Kararne rodde. Millom dei andre kom der ein stor Baat, som var full med Folk og hadde fleire smærre Baatar i Fylgje. Det var eit Brudlaups-

lag. Daa me komo nærre, heldo Kararne paa Brudarbaaten upp med Rodren, reis upp svingande med Butlar og ropade Hurra. Men dei, som gjorde detta, vordo ned atter i Romi dregne av Gamlefolket. So var det berre nokre Fedletonar fraa Bakfkuten, som merkte ut Brudarbaaten fraa dei hine. Eg kom til at tenkja paa kor det gjeng til med ei Brudferd paa Sunnmøre. Ho fer inkje so ljodlauft fram der, endaa det no er inkjevetta imot i fyrre Dagar etter som dei Gamle fortelja. Her paa Trondheimsfjorden høyrdeft korkje Skjoting elder Trumbing, so som det er paa Veftlandet og helft hjaa Hordarne. Det var likafom eg fakнade detta daa, men i nokre Brudlaup eg hever voret i her fud no feinare, var eg myket leid av all den Trumbing og Ekfering med Gardftaurar og gamle Byrfor i Brudlaupstunet. Folk ganga ut fraa Danfen og halda upp med Stevjing og annan høveleg Braudlaupsgaman og glo paa dette Aperi med Heilfing „paa Militær" og Peiking med tri Fingrar, som dei fkulde fverja til Tings. Eg fkal inkje gløyma tvo Gutar i eit Brudlaup paa Strilelandet, som vilde, at heile Brudfylgjet fkulde „marfera flerftemmigt" etter: „Ja vi elfker dette Landet"; for

det hadde dei lært av „nye Lytmannen" ned paa Aarstad og paa Engi, sagde dei.

Elleſt saag eg, at Brudlaupsbunaden der nord var den same som her sud. Brudi sat i Raudstakk og Sylvkruna med Bringesylv og Brudgumen i Blaatrøya med blanke Knappar og kvit Halskrage, som er ein hardla fager Halsbunad, som høver baade godt og vel aat Bondegutar ogso, alt um han er fraa dan nye Tidi. Eg saag etter Brudfylgjet alt tildess at Fedletonarne døydde burt i Duren fraa Eimbaaten vaar.

Etter kvart som det bar inn etter Fjorden, tykte eg det vardt varmare, og alt fleire og fleire Sogominne steig fram fyre Saali mi, idet eg saag paa Sjo og Land, som so mang ein Gong laut drikka Fedrablodet vaart. Men eg hadde ingen, som kunde rettleida meg, og soleides fekk eg inkje vita Nomni paa alle desse Nes og Vikar, som mest alle ero hiſtoriſk namnkjende etter store Bardagar.

Ein Engelskmann, som rødde med Kaptainen, saag eg hadde det so annsamt med Peiking og Nikking imot den runde Holmen, som laag der midfjords med sitt gasta Murverk ikring og det litle

Torn med Flagd paa Toppen. Eg høyrde det maatte vera Munkholmen, for Engelskmannen sette som tidaste Glasaugo paa Nosi, starade mot Festningi og nemnde Griffenfeldt. Det aalvorlege Andlitet til Engelskmannen syntest verda endaa meir aalvorsamt, og det var inkje fritt, at det lagdest likfom eitkvart Hjartasaart inn paa meg med, daa eg kom i Hug den ulukkelege Statsmannen, som laut talmast mest i Hel i det svarte Romet sitt der paa Holmen, og det berre fyre Ovund og Skakkstyre.

Nei, er her so, tenkte eg, daa me laago i Nidelvi og balade med Straumen, som var grøn elder rettare leirgraa. Det var lystelegt at sjaa paa Flytmannsbaatarne, som med Damer og annat fint i vordo førde laugt ned i ein Halvkvervel og laut bala seg upp atter i Attebera paa hi Sida aat Elvi.

Naar du kjem inn til Trondheim og vil upp aat Tollbudi, ser det ut som ei Urd elder ei Røra alt ihop. Men jamen fær du annat sjaa, naar du kjem upp i Gata millom alle dei ovstore Bygningarne. Det er fulla so det er Gutar, som hava „Grunkar" der uppe. Undarlegt kor det kann hava

seg, tenkte eg, for litet Folk saag eg, og mest inkje Namn til Krambudhandel, som det vel er smaatt med i denne vesle Storstaden; det maa vera Storhandel med heile Skipsfarmar av utlendske Varor og Fisk og Sild som her skal til fulla. Dei fine Damer saato i Glosi der som andre Stader, men dei hadde det inkje so annsamt med at glana ned paa Gata som her i Bergen, for der var ingen Ting til at glana paa. Ei Vogn, ein Ridande elder eit Par aalvorsame Kjøpmenner ganganде drogo fram etter den breide Gata.

Det er nær sagt inkje meir elder ei Gata i Trondheim og det er den, som gjeng fraa Tollbudi og upp aat Domkyrkja, dette store Merkje fraa Noregs Glansdagar, som stend og skodar ut yver Staden med sine Torn og Bogar og som gøymer so mange baade ljose og myrke Minne. Den Tid daa eg var her i Trondheim, hadde eg korkje leset elder høyrt myket um denne Kyrkja. Det barst no inkje myket fram um vaare nationale Eignaluter i min Ungdom korkje i Skulen elder paa Seminarien skulde eg tru. Eg saag ogso paa den stormerkjelege Kyrkja med Augo deretter, saakunnig som eg var til ak skilja det som var mest merkjelegt fraa det,

ſom kann henda var litet Syne verd. Det var fulla dei tolv Apoſtlarne, ſom eg glodde meſt paa, og ſom tykteſt meg vera meſt forvitnelege; men eg heve no ogſo ſom ein Minning um det fine Krotet med Render og Faldar likaſom paa mjukt Fløyel elder Lauv og Roſor og Liljor ſo granne, at alt ſynteſt kunna leda ſeg ſom andre Syljor i Vinddraget. Men no er den Ting meg greid, at den fagre Kyrkja er vel lagad til at kveſſa Hugen og ſnu Tanken vaar til det ſom ſtort og ſterkt er i vaar eigi Saga, og dermed til at ala fram den rette Lyſt til at reiſa det ſom velt er, og byggja upp vaart eiget nationale Hus i alle Stykke.

Ein Kveld eg var i Lag med nokre Trondheimsfolk, kom det paa Tale um Trønderne, at dei ero ſo ſnaude fyre Segner fraa Forntidi. Det ſyneſt vera undarlegt, um inkje eit elder annat um Domkyrkja der nord ſkulde vera komet inn i Folkediktingi. Det er ei Røynſla, at Folkediktingi vaar elleſt hever gøymt ſo myket, ſom paa eikor Vis ſtend i Samband med Religioni og Kyrkjeſtellet her i Landet, og her uppe, der ſom Kyrkja og Preſteſkap ſtod i den beſte Glans og Æra, ſkulde det vel lagt ſeg meſt inn paa Folkehugen. Daa eg heldt

fram, at det inkje kann kallast eit Lyte paa vaar Folkedikting, at ho brukar det Heilage til Emne, sagde ein, at han hadde høyrt ei Segn, som paa ein Maate stod i Samband med Domkyrkja i Trondheim.

Det budde ein Mann langt upp i ein Skog. Han kom inkje til nokon, og det var helder ingen, som kom til honom. Han hadde ei Dotter, som skulde vera baade vitug og makalaust fager. Men det var dei, som trudde, at ho inkje var døypt, og det trudde ho sjølv med. Difyr stygdest alle ifraa henne og krossade seg, naar ho møtte deim i Skogen. Daa gret Gjenta og vardt so hugsjuk, at det Ordet kom ut, at ho var vitstoli. Men det var han, som sagdest vera Far hennar, som bar detta ut. Ho hadde sagt, at ho inkje vilde døya, fyrr ho fekk sjaa Domkyrkja i Trondheim. Eggjade ho daa Far sin, skulde vera, um at fylgja henna didt, daa han sagde, at ho inkje var før til at gjera Trondheimsferd aaleine. Men detta vilde han inkje, kor mykket ho bad og velsignade honom. Ho heldt daa paa solenge tildess han laut lova at fylgja eit Stykke paa Vegen, korsom var. Jau, daa dei komo ned paa Riset, der det hallar ned imot Staden, vilde Mannen

korkje paa Sett elder Vis ganga lenger; men Gjenta gret og bar seg og nøydde honom mest ned aat Ilevollarne. Men daa dei høyrde Klangen av Domkyrkjeklokka tok Mannen til at bivra og skjelva, so det var syrgjelegt at sjaa. Men Gjenta reiv honom med seg ned etter so langt at dei saago Domkyrkja. Gjenta synte ned imot Byen og vilde stad; men samstundes rann Soli, og just som dei fyrste Straalarne gleim paa Tornkulorna, rann Mannen i Stein. Daa syntest det ogso, kvat Kar det var ho hadde voret hjaa so lang ei Tid, og daa ho kom til Folk og fortalde dette Hendet, vardt dei visse um, at ho inkje munde vera døypt. Det vardt ho i Domkyrkja, og fraa den Dagen var ho frisk og foor vida kring paa Røking etter dei rette Foreldri sine; for det var greidt, at Huldrekallen hadde stolet elder bytt henne aat seg einkvar Staden, fyrr ho var komi til Daupen.

I denne Segni er Folkedikting, og hava de fleire av same Slag, so kome berre med deim, sagde eg, daa Segni var fortald. Men han, som fortalt hadde, meinte, at Folkesegner høyra til det Slag nationale Eigedomar, som Folket held løynde og naudelegt vil bera fram til Kvardags. So er

det ogso den Ting, at Folk tru, at Framandmaalet helst turvte nyttast til slik Forteljing, og daa det gjeng paa Skakke, som ventande er, so tiga dei helder still. „Og," lagde Trondheimsmannen til, „vil du høyra Segner her ifraa Trøndelagen, lyt du gjera so vel og bida til dess det friske Drag av Maalsaki verd meir kjennande ogso her nord; daa Borni hans Asbjørn fraa Medalhus atter skal risa upp og krevja Retten sin."

Her kann eg slutta; for Meiningen med denne Stubben var i Grunnen berre detta, at eg vilde faa dykker Trondheimskarar til at koma fram med det de hava av gamalt og nytt. De maa no ogso vera med i Arbeidet fyre det, som norskt er og bera Stein til Bygningen. De som var med dei fremste i gamle Dagar, maa ikje vera med dei sidste no, naar det gjeld um at reisa det nye paa den gamle Grunnen!

Um Dogg og Hela (elder Rim).

Etter Wilhelm Baer.

Naar me um Sumar-Morgonen skoda paa ei Eng, som glimar i all sin Vænleike, so verda me glade i Hug inkje berre av at sjaa dei utalige Blomar, men ogso ved Syni av ein annan Prydnad, og dat er Doggdroparne, som hefta seg paa Graset lik Perlor og glitra i Solskinet som dat skulde vera Demantar. Skalden kallar deim ogso „Demantperlor", og ein saknar deim sjeldan i hans Kvæde, naar han syng um Vænleiken paa Mark og Eng. Etter hans Meining kann Heimen til desse Doggdroparne, som glima i Glansen av Solstraalarne, inkje finnast annan Stad en i sjølve Himmelen. Dan tenkjande Vitenskapsmannen, som berre retter seg etter Naturlogjerna, segjer likavel, at naar Skalden tek dat upp paa dan Maaten,

so verd dat inkje annat en eit Æventyr; Vitenskapen læt seg inkje føra avleides av dat fagre og yndefulle, som uppeldar Skalden. Men me tora likavel inkje vera for umilde i vaar Dom; me ljota hugsa paa, at i fyrre Tider hadde jamvel dei lærde Folk dan Trui, at Doggi kom fraa Himmelen.

Likasom dei arabiske Skaldarne lata dei kostasame Perlor, som eit Bilæte paa dat reine og blygsame, koma av Doggdroparne, som falla fraa Himmelen i Havet, so trudde ogso Alkymistarne, at dat fanst undergjerande Krafter i Doggi, som dei heldo fyre ei Utstrøyming fraa Stjernorna. Dei trudde daa helst at Visdomssteinen kunde lagast av henne. Med stor Umsut samnade dei difyre paa Doggi og gjorde mange Slags Prøver med henne, med dat Fyremaalet at faa umbrøytt dei ufine Metalar i Gull og lagat dan Vætska, som skulde fri Menneskja fraa Dauden og giva henne æveleg Helsa.

Alt hundrad Aar fyre dan kristelege Tidarekning var dat ein Keisar i Kina, som leet seg narra av nokre Fantar til at byggja eit Slott av fine Treslag, som ein kjende Angen av paa lang Leid. Midt i denne Bygnaden var dat eit Kopartorn, 400

Fot paa Høgd, og paa dette Tornet vardt dat sett eit stort Malmfat til at fanga Doggi i, naar ho fall ned fraa Himmelen. I denne Doggi vilde dei løysa upp kostasame Perlor, og denne Upploysningi skulde giva Folk eit ævelegt Liv. Dat tarvst vel inkje verda sagt, at dei sløge Tjuvarne sjølve toko dei kostasame Perlorna og sveik dan letttruande Keisaren.

Dat er knappe femti Aar sidan, at ein fekk Kunnskap um at Doggi er eit Barn av vaar Jord og heve sitt Upphav av dan nattlege Varme-Utstraalingi, som er sterkast paa klaare Næter. Grunnen, Grassvorden, Plantarne, Trei og Bergi giva snøgt fraa seg dan Varmen, som dei med Dagen hava teket upp i seg; denne Varmen straalar ut imot Himmelromet. Varmegraden verd med detta lægre i dei nemnde Kropparne en han er i Lufti, som er ikring um deim, og Lufti verd paa denne Maaten nøydd til at giva fraa seg nokot av dan Væta, som ho heve i seg. Denne Væta ber daa ned i Dropeform. Me kjenna til, at Førleiken hjaa Lufti til at taka Vatseimen upp i seg heng i Hop med Varmelaget; varm Luft kann gøyma meir Væta en dan, som kaldare er. Naar daa Varmelaget i Lufti skifter,

so lyt ogso Vatsmengdi skifta. Naar me difyre føra ein kald Ting i Luft, som er varmare og mættad med Væta, so slær dat seg Vatsdropar elder Doggdropar paa honom, av di han kjøler av Lufti, som han kjem i Lag med, so at ho lyt sleppa nokot av Væta si. Dat er dat same, som gjeng fyre seg, naar me sjaa Doggi leggjast paa Glasruta i eit uppvarmat Rom. Dan kalde Lufti ute gjerer Glasruta kald, og ho kjøler av dan varme Lufti innanfyre, og ho lyt darmed sleppa nokot av Væta si.

Di større Varmeskilnad dat er paa Kropparne og paa Lufti, di meir vil Vatseimen slaa ned paa deim i Skap av Dropar. Avkjølingi paa Kropparne er likavel inkje jamstor; hjaa ein Kropp gjeng ho snarare fyre seg en hjaa ein annan, hjaa dan eine i ein høgre, hjaa dan andre i ein mindre Grad. Etter detta slær dat seg meir elder mindre Dogg ned paa honom, alt um Tilhøvi elles ero dei same.

Rubne elder ujamne Ting med kvasse Kantar avkjølast mest og slaa seg soleides mest med Dogg. Difyre leggja ogso Doggdroparne seg mest paa Grastopparne. Forutan Graset og Lauvet paa Treom er dat helst Plantarne og Haari paa ullne Klæde, som fyrst dekkja seg med Dogg, so koma

Steinarne, Marki, og sidstpaa Metalarne, som ein ofta finn dogglause, medan Bladi alt ero takte med uteljande Dropar. Laus Sandjord verd vaatare en fasttrakkad Grunn. Glas doggast snarare en Metalarne. Med desse kann dat jamvel henda, at um ein væter deim med Vilje, so turkast dei i Lufti, paa same Tid som andre Kroppar doggast.

Vætemengdi i Lufti heve stor Verknad paa Dogggjerdsli. Di meir Væta Lufti inneheld, di sterkare verd ogso Dogg-Nedburden. I Nærleiken av store Votn, attved Elvarne, paa Havstrondom, dar dat skapest so myket meir Vatseim, som Lufti kann mættast med, dar vil ogsaa Nedburden vera rikare en lengre inn paa Landet.

Paa dei store vatslause Slettorna i Indre-Luten av Fastlandom, til Dømes i Brasilia og Persia, finst dat mest inkje Dogg. Dat same er Tilfellet paa Øydemarki i Nubia og paa Sahara, men so snart ein kjem i Nærleiken av Tsad-Vatnet, verda Klædi paa Ferdafolket sivaate av dan sterke Doggi.

Naar dat er maateleg Draatt i Lufti, verd dat ogso meir Dogg, av di at Luftlagi, som alt ero vordne kaldare og hava mist ein Deil av Vatseimen, verda avrekne og dat kjem andre i deira Stad,

som ero varmare og rikare paa Vatseim. Men naar dat blæs, so verd dat mindre med Dogg, av di at dat snøgge Skiftet imillom dan avkjølde Lufti og dan varmare fører ny Varme aat Kropparne og paa denne Maaten hindrar Lufti fraa at avkjølast til Doggpunkten. Verd Vinden sterkare med Natti, so kverv Doggi ofta burt, etter at ho fyrst er tilkomi. Doggdroparne verda daa til Eim og venda atter tilbaka til Lufti.

Dat skil seg ogso med Doggfallet, korleides ein Kropp ligg, og kvat dat er som finst ikring honom. Han lyt liggja fritt til aat alla Leider. Verknaden av detta kann ein røyna av fylgjande Experiment. Ein kann til Dømes reisa upp eit Slags Tjeld paa ei vid Sletta. Um ein i dette avstengde Romet vil setja ein Kropp, som lettelege kjølest ved Utstraaling og difyre elles ogso snøgt doggast, so verd ein likavel inkje her var nokor Doggfelling, av di at Varmestraalarne, som Kroppen sender ut, verda atterkastade av Veggjerne. Men um ein tek burt dan øvre Luten, so verd Vegen open fyre dei Varmestraalarne, som strøyma ut fraa dan øvre Sida aat Kroppen, og her tek dat ogso samstundes til at skapast Dogg. Dat same er ogso Tilfellet paa dei

andre Sidor etter som ein flyt Veggjerne lengre elder kortare burt. Kvar Mann heve i Bissa merkat seg dat, at Næterna ero myket kaldare i Klaarveder en naar dat er Skyer paa Himmelen. Dat nemnde Experimentet uppklaarar, kvifyre Skilnaden paa Varmelaget med Dagen og med Natti just er større, naar dat um Næterna er stjerneklaart Veder en naar Himmelen er skyad. Skysløret kjem her i Staden fyre Tjeldveggjerne; dat sender tilbaka dei Varmestraalar, som koma fraa Marki og fraa dei Ting, som finnast paa henne. Likaso, um dat inkje er annat end berre eit Lauvtak, so meinkar dat munarlegt dan snare Framgangen av Utstraalingi og minskar difyre ogso Doggnedburden, paa same Tid som dat hindrar Avkjølingi. Av same Grunn doggast alltid dei Bladsidor snarast og sterkast, som snu mot dan frie Himmelen. Paa same Maaten som Tjeldveggjerne verka ogso Murar, Bygnadar, Tre og Haugar paa Utstraalingi fraa dei Ting, som finnast i Nærleiken av deim.

I fyrre Tider trudde dei, at Doggi helst skapteст um Kvelden og um Morgonen. Men etter dei Røynslor, som ero gjorde, heve dat synt seg, at detta inkje er rett. Kvat Tid paa Natti som ein

fører ein Ting ut i Lufti, so slær dat seg alltid Dogg ned paa honom. I Skuggen skapest dat Dogg alt paa Ettermiddagen, naar Luftvarmen tek til at siga. Soleides verd Graset i Skuggen alt vaatt nokre Timar fyre Solarglad, endaa ein ingen annan Stad kann sjaa Doggdropar paa dat.

Naar ein sigler paa Havet, og helst dar Varmen er stor, verd ein inkje var nokor Dogg, endaa Lufti her er rikelege uppfylld med Vatseim. Men denne hindrar just at dat kjem fram Dogg, av di at denne Eimen tek upp i seg dei myrke Varmestraalar, som etter Solarglad straalar ut fraa Skipet og hindrar Avkjølingi av Lufti. Havet sjølv verkar inkje nokor stor Avkjøling paa Lufti, for lika so seint som Vatnet uppvermest av Solstraalarne, lika so traatt giv dat fraa seg dan Varmen, som dat ein Gong heve teket upp. Fyrst naar ein nærrar seg aat Landet og dette fær verka med si snøgge Avkjøling, merkar ein paa Skipet eit rikelegt Dogfall. Av detta kann daa Skipsfolket skyna, at dei ero komne nær aat Land. Daa dat just paa Havet er liten Skilnad paa Varmelaget imillom Vatnet og Lufti, so syner dat seg paa Koraløyarne i Sudhavet sjeldan elder

aldri nokor Dogg. Havet likasom sveiper desse smaae Øyarne inn i eit varmande Plagg.

Under Troparne elder Varmelandi midjords er dat likt til at dei paa Fastlandet inkje kjenna nokot til Doggi, endaa ho her synest hava beste Tilføret til at koma fram. Naar me hjaa oss paa ein klaar Sumarkveld etter Solarglad leggja Gradestokken ei Stund ned i Graset, so vil han paa Grunn av Utstraalingi visa ein Varme, som er 6 til 8 Gradar lægre en Lufti nokre Fot yver Marki; men under Troparne er Skilnaden knapt nokre Tiendepartar av ein Grad. Dar verd Jordi uppvermd so sterkt med Dagen, at dat Tapet, som ho lider ytstpaa ved dan nattlege Utstraalingi, alltid verd bøtt paa av dan Varmen, som er trengd djupt ned i Jordi ved dan sterke Dagshiten, og paa denne Maaten verd dat inkje nokor vidare stor Avkjøling av dan Luftflo, som ligg tett attaat Marki. Ein annan Orsak, som hindrar Doggi fraa at koma fram under Troparne og paa Havet, er all dan Væta, som dar er i Lufti.

Langt nord paa er Doggi lika so ukjend som Snjoen er dat fyre Tropa-Buarne. Um ogso Næterna dar ero ljose og klaare, so er dan nattlege

Avkjølingi av Grunnen i dei arktiske elder kalde Jordbolkarne myket liti um Sumaren, daa Soli mest jamlegt er uppe. Dat hindrar ogso Doggi fraa at koma fram, at dat finst so litet Vatseim i Lufti.

Naar ein um Natti set ein Gradestokk ut paa eit Engstykke, kann ein snart merka, kor Avkjølingi verd hindrad av dan skyade Himmelen elder av eit kvart Taket, kor tunnt dat so er. Verre naar dat dreg ei tunn Sky framum, kann ein sjaa Verknaden og likaso etter ein Lumeduk av dan finaste Kambrik, som ein spenner ut yver Gradestokken; jamvel etter eit Tyllslør kann ein merka Skilnaden.

Doggi er til stor Hjelp fyre Plantarne. Dei faa av henne under lang Turk i minsto ein Deil av dat Vatnet, som dei turva til at trivast, og med detta verda dei alltid fridde fraa reint at forkomast. Naar Vœta paa denne Maaten gjeng fraa Eimform yver i rennande Tilstand, so giv ho inkje so liti Vatsmengd ifraa seg og hindrar at Avkjølingi av Plantarne verd altfor stor. Um Doggi inkje skapteſt, so vilde dei Herjingar, som Utstraalingi med Natti ofta forer paa Plantarne, vera myket større. I Høglandom, dar Lufti er tunnare, verda Plan-

tarne myket meire ute fyre Verknaden av Utstraalingi en paa lægre Stader. Soleides er dan nattlege Utstraalingi i Øvre-Peru ein skadeleg Fiende mot Plantevokstren. Paa klaara Nætter tett inn paa Skurden er Utstraalingi ofta so sterk, at dat kjem Frost paa Plantarne, som vil øydeleggja Avlingen. Alt fraa dei eldste Tider verja Ibuarne dar i Landet seg mot denne Skaden paa dan Maaten, at dei med Kunst gjera Lufti skoddutte, i di dei med Nattartid brenna upp vaat Halm elder annat dilikt, som dat stend sterk Røyk utav. Dette Midlet brukade dei til same Endemaal i Forntidi ogso i Italia. Røyken verkar her lika som Skyerna paa Himmelen. I Vinlandom kunde dei med detta ofta hindra stor Skade.

Di lenger og klaarare Natti er, di meir Dogg skapest dat ogso vanlegt. Alt i August er Avkjølingi ved dan nattlege Utstraalingi stundom so sterk her i Noreg, at Varmelaget siig ned under Noll, og daa frys dan Vatseimen, som slær ned fraa Lufti, til undarlege Former, so at Limet elder Skatet paa Treom ser ut som dat skulde vera straatt med Sukker. Daa segja me: „dat helar" elder "dat rimar". Kvifyre Rimet elder Hela just pryder

so rikelege Naalerna paa Bartreom, vil vera greidt av dat som me fyreaat hava sagt. Kor fortrollande er inkje dat Bilætet, som ein slik Skog giv oss, naar Soli med foryngd Kraft renn upp bak dei gullrendutte Morgonskyer og sender sine Straalar ut yver Skogen, og dei daa glitra tilbaka fraa Milliardar av Iskrystaler i alle Slags Liter! Denne Syni er endaa myket fagrare en naar me sjaa paa dan rike Juvelprydnaden, som glitrar i Morgonsoli paa dat grøne Klædet paa ei Eng, som er yversaadd med Milliardar av Doggdropar.

Dan, som er myket ute og ris upp med Soli, han kann stundom, naar Vegen hans paa ein sval og klaar Morgon seinhaustes gjeng igjenom ein vinleg Dal, faa fegnast ved dat fagre og staute Fargespilet paa dei sterkt rimlagde Engjom, sofremt han skodar ut etter dan slette Flata imot dan Ætti, som Solstraalarne koma fraa. Dat undrande Augat ser daa paa alla Leider Gneistar, som lysa og glima med dan reinaste Glansen i alle Regnbogsliterne. Denne Syni heve ein sermerkt Vænleike med dat, at Literne inkje liggja Rad i Rad som paa Regnbogen, men blanda seg um kvarandre og synast at kappast um, kven som skal vinna i Pryda og Glans.

Dan ſom eingong heve fegnaſt ved dette gilde Fargeſpilet, han vil alltid paa nytt gjerna leita dat upp. Men fyre oſs Stakkarar, ſom meir ero bundne aat Stova inne i Byen, verd dat ſjeldan nokor ſlik rein Gleda. Dat ſkulde daa vera, naar me um Sundagen med Barneſinn vilde ſkunda oſs ut i Guds frie og fagre Natur, ſom verd endaa gildare at leſa i, naar ein kjenner nokot til Logjerna, ſom raada i dat ſtore Hushaldet darute.

Ute og heima.

Dan 1ste November.

I Dag faa me freista bera fram nokre Tankar um Almenningslivet her heima, soleides som dei lagde seg inn paa oss, daa me feste Augo vaare paa dat politiske Strævet og sume andre Greiner, som paa ein elder annan Maate kann hanga i Hop med detta.

Soframt som ein kann døma etter Laaten og dat sterke Ordskiftet, som dat er no um Dagarne snart sagt i alle vaare Blad, alt fraa dei store Dagblad i Hovudstaden, og ned til dat minste Vikebladet paa Landsbygdi, daa lyt ein tru, at dan politiske elder offentlege Sansen er heilt kvik og framfus. Dat er no vel ogso tvillaust, at her mannjamt tek til at kveikjast alt større og større Medkjensla med Landsens Stell og Styre. Dat vil inkje no lenger høva, so som dat vist altfor lenge

heve lotet gjera, at Styret umeinkat skal liggja i Hender paa ein saatalig Flokk aaleine. Dat er inkje fyre di, at denne same Flokken vistnog heve havt mange av dei Fyremuner, som ein kann venta at finna hjaa dan, som heve fenget dan meste Kunnskapen og er dan mest sjølvhjelpne naar dat gjeld um Livemaaten. Men dat er likavel greidt, at Framgangen i vaar Tid krev nokot meire, en at Folkfens Greidor i stort som i smaatt mest skal styrast av ei liti Undermengd. Slikt kunde vera naudsynlegt og i dat rette Laget paa ei Tid, daa Folket endaa var for saakunnigt, for armt elder for hugvalet til at vera fullgod Styresmann paa si eigi Skuta. Men detta tru me no inkje lenger kann verda sagt med god Grunn. For alt um dat hjaa Aalmugen endaa kann skorta paa god aalmenn Upplysning i ymse Greiner og jamvel paa greidt Kjendskap til dei Ting, som djervt verda framheldne i Folkekravi, so er dat just Hugen til at faa vera med, som skal driva fram dan rette Kunnskapslengslen og dan høvelege Dug og Førleike. I mange Stykke er Folket tvillaust ogso i fullgodt Stand til at raada seg sjølv utan at turva Formyndarar. Me vilja her til eit Døme berre minna um dat

krokutte Tingmannsvalet og Valretten i dat heile. Slikt Formyndarstyre maa Folket vaart likaso vel som andre no vera vakset ifraa. Dat kann difyre berre vera til Gleda og Gagn, naar ein no paa so mange Maatar kann sjaa og høyra at Folket er vaknat upp or sin politiske Blund og traar etter at faa større Lut i Lands og Bygdestyret, likasom dat ogso er gledelegt og just i rette Laget, at dan vakne Folkeanden heve sine Talsmenner i dat aalmenne Ordskiftet; at dat fær sine Blad og Bladskrivarar, som kunna tolka og føra fram dei Krav og dei Lengsler, som raada i Folkehugen; elder med andre Ord, at dat skapest ein velskipad Fylking av folkelege Framgangsmenner i Landet.

Paa dan andre Sida er dat ogso godt, at dar finst ein Flokk med gode Atterhaldsmenner, som med rett Hjartelag fyre Fridom og Framgang og med opet Auga fyre alt som Tidi fører med seg, gjera sitt til at beinka og rettleida og halda atter naar dat trengst, so at dan faakunnige og ættville inkje skal koma til at styra Skuta beint i Aakren. Um ein ogso helst vil vera med deim, som framme ganga, og som bruka sin Maatt og Megin til at faa Riks-Vogni i Framsig, so lyt ein likavel tykja

vel um at hava deim med i Fylgje, som vilja ganga ved Sida og sjaa etter um Stein ligg i Vegen, elder som vilja halda atter, naar dat syneſt bera for fljott utfyre Bakken. Naar slike Folk berre sjaa fram og vilja frametter, so ero dei hardla gode til at hava med paa Ferdi og all Æra verde. Staden deira er inkje altid dan beſte Staden at vera paa, for dei vilja so lett faa Ord fyre at halta til baade Sidor. Me tala sjølvsagt inkje her um deim, som slett inkje venda Syni frametter, men berre sjaa seg tilbakar med lengtande Minning av dei ægyptiske Kjøtgrytor, sparka mot, og soleides lata seg slæpa med attlengjes beint imot sin eigen Vilje. Me tala um deim, som me vilja gjeva Namnet atterhaldande Framgangsmenner, og som inkje kunna saknaſt, naar alt skal ganga vel. Slike Folk ero likſom Sigleſteinen i Baaten, som skal hindra Kollsigling. Dat er no og so godt og vel med dat, at me her heima inkje vanta ein slik Flokk; han heve fulla til dessa helder voret for stor en for liten, men ein maa vel agta seg fyre at ynskja honom burte. Dei gode Talsmennerne hans i Blad og Bok, og dei ero inkje faae, ero vel lydande paa, og solenge me hava deim, so er Leiken

paa ei Vis som han skal vera, og vaart offentlege Liv i sitt rette Gjenge.

Dat er ved Tankeskiftet millom desse tvo Flokkar at dan rette og gode Framgangen kjem i Stand. Og di kvikare og sterkare Tankeskiftet er, dess meir Liv skulde dat tyda paa. Daa no Ordskiftet hjaa oss, som sagt er, i dan sidste Tid er baade sterkt og kvikt, so skulde me vel i alle Maatar kunna vera fegne og vel fornøgde.

I dat store og heile er dat vel helder inkje Grunn til annat. Livet, som er Orsak til dat kvasse Ordskiftet baade i Skrift og Tale, er tvillaust i seg sjølv baade kraftugt og friskt endaa. Men dat er likavel nokot skjerande i Laaten, som ein maa mislika og ynskja snart maatte koma inn i eit mjukare Tonelag. Um Grunnlaget fyre eit Ordskifte er aldri so rett, um Maalet som ein vil naa er aldri so stort, so kann dat inkje gløymast at Maaten som ein vil halda fram paa, Formi som ein vil nytta, ogso heve sine Krav. Og naar ein vender seg til denne Sida av vaart offentlege Liv, so kann ein slett inkje vera fegen. Vel er dat so, at i dan fyrste Tid etter at Liv er vaknat, daa vil dat jamt arta seg likjom dan uvare Ungguten, som

ſtemner fram utan at tenkja ſeg for vel fyre. Men dat er i dan politiſke Striden hjaa oſs ofta komet til ei ſlik Ageløyſa i Ord og Ordlag, at ein inkje kann annat en miſlika dat og mang ein Gong jamvel harmaſt i ſi Hjartarot. Uſømelege Slengjeord og Aatlaup mot dan einſkilde Mannen elder Flokken er ofta dei einaſte Grunnar, ſom beraſt fram. Og ſo er dat dan Uhyggjen med alt, at Motparten paa baade Sidor jamt ſkal ſkuldaſt fyre Eigennytte og alt Slag laake og ureine Fyremaal. Denne uvyrdne og miſtenkſame Tonen i dat offentlege Ordkaſtet heve tvillauſt alt gjort ſitt til, inkje ſo litet at ſkjemma ut Tankelaget hjaa Aalmenningen. Dat ſkulde vera eit gledelegt Framſtig, um Folkemeiningen ſnart kunde koma til at faa ſo ſtor Motburd mot ſlik Stridsmaate, at dei Blad, ſom vilde fara fram paa ſlik Vis, inkje kunde haldaſt.

Kor godt vilde dat inkje vera um dan eine kunde tru godt til dan andre, um Tankelaget jamt vardt bygt paa dan Meining, at Fedralandshugen laag paa Hjartabotnen hjaa ein og kvar, likaſovel hjaa dan politiſke Motſtandsmannen, ſom hjaa dan eigne Medkappen! At arbeida til di, at ein kunde ſkapa eit ſlikt Tankelag elder til at faa dan ſtygge

Tonen ut or Bladi vaare, vilde vera ei fagna Gjerd og vel verd Umaken. Kor myket større Kans skulde ein daa inkje hava til at naa fram med sine Meiningar ogso til Motgangsmennerne sine, og dat er daa vel helst dei ein vil vinna fram til. Kor myket større Gagn skulde daa Ordskiftet inkje gjera hjaa Aalmenningen. Dei uvyrdne og hatefulle Ordlag, som verda brukte so altfor myket, kann fulla duga til at hissa upp Hugen, men darmed kann ein likaso snøgt gjera Skade som Gagn. D'er vandt at halda Hov i Harmen, og reider Manns Raad er sjeldan god. Dat som brasar snart upp, dat brenn helder inkje lenge. Denne braalyndte og uvyrdne Maaten er ogso so unorsk som han kann vera. Dat var jamt Nordmannsseð at kjempa seg fram paa ein bein og karsleg Maate, men aldri med Uvyrdskap og paa Fantevis. At denne Aatferdi inkje er runni av norsk Rot kunna me ogso sjaa av di, at han heve sitt Upphav fraa dan Flokken, som er røtt i dan danske Traditionen elder i dan historiske Synsmaaten og Livsvokstren, som ervdest fraa Dansketidi og som nørest av dan danske Sedskapen dan Dag i Dag. Dat er, som me hava seet, i dei Blad som skulde vera Talerøyr aat denne

Flokken, at denne Skrivemaaten med Kalling og Æreskjemming fyrst kom upp. Alt um dan same Flokken segjer um seg sjølv, at han just er „Intelligensen“ elder dan som skulde vera mest upplyst og hava største Vitet, so er dat likavel fraa denne Sida, at dan meste Styggedomen høyrest baade i Skrift og Tale.

At denne Flokken inkje heve Hjartarøterne sine i Nordmannskapen, kann ein ogso finna Vitnemaal paa, naar ein legg Merkje til hans politiske Synsmaate. Han strider soleides imot vaart norske Stræv snart sagt paa alle Sidor. Likavel skal dat inkje hermed vera sagt, at han skulde meinkast i Retten til at koma fram med sine Meiningar, naar dat berre vardt gjort paa ein sømeleg Maate. Me minte ovanfyre um, kor godt dat vilde vera, naar ein altid kunde hava Tru til dan gode Viljen hjaa ein og kvar. Dat er helder inkje nokot til Hinder fyre, at Folk, som strida mot dat heimelege elder nationale, ogso kunna meina dat myket vel med sitt Land. Dat kann vera mangt som kverver Syni paa Mannen. Uppalet kann hava gjenget paa ein galen Veg; dat kann vanta paa Vitet og Kjendskapen, men endaa kann Hjartalaget i Grunnen vera godt

og Fedralandselsken paa sin Maate varm og livande. Lat slike Folk vera med i Ordskiftet og faa sine Meiningar motsagde paa ein pynteleg Maate, og dat vil liklege enda med at dei snu seg til dan gode Sak. Dan unationale Flokken høyrer ogso greidt nog med til vaar Saga og lyt difyre ogso hava Retten til at vera med i vaart historiske Arbeid. Dat er helder ingen Ting til Hinder fyre, at han kann gjera sin Nytte. Hans Motleg kunde duga baade til at klaara Tankarne og reinska Synsmaaten hjaa dan nationale Flokken og til at leggja Styrke inn i Striden, naar han berre stridde paa ein god Maate. Daa vilde han vinna Byrdnad hjaa kvar og ein upplyst Medborgar. Men som no dat gjeng med Stridsmaaten aat dan unationale Flokken, daa kveikjest berre dat som ilt er paa ymsekvar Sida, so at dan same Aand og Tone altfor myket tek til at smjuga inn næstan i kvart Blad og kvart Ordskifte. Dat kann med Sanning inkje annat vera en til Skade fyre Aalmannhugen og Sedskapsvokstren, naar dat som i seinare Tid hjaa oss, inkje ein Gong verd haldet fyre usømelegt at skamskjenna Landsens korne Tingmannskap og dei Menner, som hava fenget Folksens fremste Tillitspostar. Dat

kann inkje føra til annat en moralsk Vanhelsa av Folkevitet, naar dei som skulde hava beste Upplysningen og meste Sedskapen bruka Skamord av verste Slaget i Staden fyre Grunnar. Slikt heve dat Laget med seg, at Motparten dessverre freistast til at taka etter. Dat er inkje so greidt med dat; naar Motmannen din skrik som halvgalen, kann inkje du helder standa munnvalen. Han fær sjølv vera Hund, som med Hund skal bitast. Men paa denne Visi kunde dat koma til di her i Landet, at dan som var styggaste i Munnen vardt frægaste Karen. Dat er alt dessverre inkje komet so litet langt paa denne Vegen, og paa dat sidste er jamvel Stygge-domen paa ein Staden komet inn i Maalmanns-fylkingen. Dat ser no likavel ut til dess, at han inkje so lett skal faa røtast bar. Etter alle Merkje, so verd denne usømelege Stridsmaaten dømd paa dan rette Visi av mest heile vaar Flokk. Dat vilde ogso vera til stor Vinning fyre Maalsaki, um ho kunde haldast rein og skir fyre dan aalgjengde Ageløysa og um ho kunde kasta Hat og Uvyrdskap langt ifraa seg. Dat er i Kjærleike og Mannamilde og i Byrdnaden fyre andre at Maalsaki maa søkja sin sterkaste Studningsstolpe. Dat er myket meire ved

at byggja upp en ved at riva ned at Nordmannskapen kann reisast. Dat rotne er snart rivet, og dat som inkje er heilt rotet lyt faa standa til dess dat kann setjast nokot betre att i Staden. Dat vil ogso tvillaust ganga so til, at dan nationale Bygningen kjem til at standa fullbuen og prydeleg ved Sida av dan gamle danske fyrr nokon veit av Ordet, soframt som ein berre fer fram paa dan rette hugvarme Maaten, som godt kann vera baade stød og sterk, um han er mild og grannvar. Daa vil ein og kvar sjaa Skilnaden. Dan gamle uhøvelege og uheimelege Bygnaden vil daa detta ned av seg sjølv, av di han inkje lenger høver til sitt norske Bruk og ingen vil sjaa um honom. Alle vil søkja Romet sitt i dan nye. Men med dat kvasse og braadlynte Aatlaupet misser ein lett sitt eiget Fotfeste, gløymer sitt fremste Med og vekkjer unaudigt Hat og Mistru til Saki og seg sjølv. Ein spiller si eigi Magt til Unyttes, og i Staden fyre at draga fleire Folk inn i Arbeids-Fylkingen, jagar ein snarare sine eigne Folk ut or honom. Me hava jamt trutt at dat i Maalmannsflokken fanst dan rette Fedralandselsken, som vilde reisa Nordmannskapen paa si gamle Tuft, føra Landsfolket fram til

Retten sin og hjelpa heile Folket til at skyna sitt eiget Beste, men me hava ogso havt dan Voni, at dat i Flokken raadde dan gode og rettsynte Anden, som vil naa dette Maalet paa ein mannamild og skapeleg Maate, so som dat høver upplyste og danade Menner. Me trudde at just vaar Flokk skulde vera dan vitugaste, kunnigaste og best uppalne, og at vaare Stridsmenner difyre skulde vera dei, som vilde halda dat fagre og beste i Livet baade i Form og Meining fram som sitt Mynster. Me hava baade Byrdnad og Kjærleike fyre vaar gode norske Almuge og inkje minst fyre dan strævsame Arbeidaren, som lyt taka dei hardaste Tak av oss alle. Me hava ogso jamt havt myken Hugnad av at sitja i Stova til Almugamannen baade i Bygd og By, og tykt stor Mun i Tankeskiftet med honom og Huslyden hans. Men me kunna likavel inkje tenkja elder tru, at „Bryggesjauaren" i nokon Maate, korkje i Form elder endaa mindre i sjølve Tankelaget skal vera eit betre Mynster en Fjell- og Fjordbonden i vaare beste Maalbygder. Me hadde inkje ventat at finna raae og agelause Synsmaatar millom Maalmonnom, som me trudde alle som ein vilde stemna fram mot sitt Maal utan hitt fanatiske Braalynde, som i alle

Stykke berre er skapt til at kverva Syni paa sin eigen Herre. Me trudde at vaare Motstandarar kunde faa hava denne unorske Stridsmaaten ukrenkt fyre seg eine. Dat er fulla ogso Von til dess, at dat framleides kann verda so, for me sjaa til vaar Hugnad greide Merke paa, at Flokken vaar inkje vil kannast med deim, som hava ført dan nye, uhøvelege Stridsmaaten inn i Laget. Dan unorske Ridi, som so braatt kom inn, vil vonlege likaso braatt kverva ut atter, so at Maalmannsflokken, heretter som til denne Dag, kann standa som dei rette Framgangsmenner, som syna dei andre Vegen, so at dei ogso smaatt um Senn sleppa dan uvyrdne Stridsmaaten, som inkje høyrer heima i Noreg.

Naar me, i di me no venda vaar Syn til Livet i dat heile, inkje hadde denne Raaskapen i Tonelaget, som me altfor myket plaagast med, so kunde ein rett hava sin Fagnad av dat Livet, som no syner seg i vaar Politik, og som fær sitt største Utløype gjenom dei mange Blad, som hava grott upp i dan sidste Mannsaldren. Dan same Fagnaden, men meir ublandad, kann ein hava, naar ein ogso ser paa dei Livsmerkje, som koma fram paa andre Sidor. At me no hava fenget aarlege Storting,

er i Grunnen eit Stykke av same Stuven, og dette store Umskiftet i vaart Riksstyre skal fulla meir en nokot annat hjelpa til baade at halda Livet jamlegt uppe og til at klaara Tankarne og ala fram større og større Vit hjaa Aalmenningen baade paa Riks- og Bygdestyre. Dei mange Bondemøte som no haldast ikringum Landet ero ogso Merke paa dan same Ting. Dei vilja ogso greidt nog gjera sin store Mun, baade til at ala upp Aalmugen til sin politiske Gjerning, og til at gjeva dan sanne Rettleiding paa, kvat dat er, som Folket tenkjer paa og traar etter. Ein kann aldri faa ein greidare Mælestav paa Folkemeiningen en dei Ordi, som koma fram gjenom desse endeframme Talerøyr til sjølve Aalmugen. Eiu skulde difyre meina, at alle, som vilja Folket vel, kunde vera med paa at gledjast ved desse Livsmerke hjaa Aalmenningen. Eiu skulde tru, at slike Folkestemnor inkje berre kunde vera til Gleda aat deim, som tru godt um Bonden; som tru at han i mangt er før til at vera med og hava sin Meining um Landsstyre og Stell, alt um ein vel veit, at dat endaa kann skorta honom paa Upplysning og Skynsemd i ymse Greiner. Men ein skulde tru, at ogso dei andre kunde sjaa paa Folke-

møti med Fagnad, som hava liti Tru til Bonden og som meina at han er reint ufør og endaa i alle Maatar vantar baade dan gode Upplysning og dat rette Vitet som til skal. Ein skulde so tru, for slike Stemnor og slike Ordkast ero vel med dei beste Midel som finst, til at greida Tankarne, kvessa Vitet og hjelpa paa Upplysningen. Detta skulde dei koma i Hug, som synast vita alting so myket betre, og som kunna tala so høgmælt um alt dat umogne og urimelege, som kjem fram paa vaare Bondemøte, og so skulde just dei hava seg fram til Stemnorna og dar hjelpa til med sin store Upplysning og sitt kostelege Vit. Men som dat no ser ut til, so kunde ein tru, at dei halda seg for gode. Og dat skulde dei inkje gjera, for dat kann so lett uttydast paa dan verste Maaten. Naar Folket lyt sakna deim, som skulde vera dei fyrste til at rettleida, so kann dat anten koma paa dan Tanken, at dei inkje er so framifraa dugande, som dei laast vera, elder daa at dei vanta dan rette Umhugen med Aalmugen og Sansen fyre dan aalmenne Framgangen. Og baade dan eine og dan andre Meiningen kann skada og gjera so myket, at dei missa Folkjens Tiltru og darmed dan Magt, som Upplysning og Daning med

retto skal hava. Paa slik Maate kann dat koma dartil, at juſt dan Flokken kom til at bera Hogg paa Upplysningen, ſom i Røyndi heve fenget meſt av honom. Juſt dan ſame Flokken, ſom laſtar Folkeflokken og ſkuldar honom fyre Vanvyrding og Nedriving av all Upplysning og Sedſkap, vilde ſoleides vera dan ſom minſt kunde verja honom. Dat vilde vera godt um dat ſnart kunde koma til Endſkap paa denne einſidelege Tankemaaten og Aatferdi hjaa Stormanns- og Embættesflokken, ſom kjem fram i Misagting av Livet paa Folkeſtemnorna likaſovel ſom i Storting og Blad. Vil dei halda ſi eigi Livsgjerning i høveleg Æra, ſo lyt dei fylgja betre med og inkje ſtengja ſeg inne i ſi eigi Kvi. Dat er ei kjend Sak, at fleſtalle Embættesmenner paa Landet berre halda Morgonbladet, inkje berre dar dei bu einbølte, for dar kann ein inkje ſo myket undraſt paa, at dei halda ſeg til dat Bladet, ſom dei tru er deira Talerøyr. Men ogſo dar dei bu fleire tett ſaman i ei Grend, vilja dei inkje hava med dei Blad at gjera, ſom kallaſt folkelege, og ſom er Talerøyr fyre dan Almugen, ſom dei ero ſette til at raada og rettleida. Jamvel um dat finſt ein Mann i Laget, ſom er ſo fordomsfri, at han held

eit folkelegt Blad, so halda dei andre seg likavel for gode til at fylgja med og lesa dat, og dat er inkje langt ifraa, at dat syneſt vera uraadelegt at hava Umgang med dan same Mannen. Naar ein so kjem i Hug Tonen i dat nemnde Bladet, og dan Maaten, som dat jamnaſte umtalar Folkeſtemnorna paa, so kann ein fulla tenkja seg kor dat ber i Vegen, og ein maa tregaſt paa dan range Leidi, som „Intelligenſen" elder dan danade Flokken er komen seg inn paa. For denne Leidi fører honom sjølv burt i Uføret og skader dan jamne Framgangen, som han inkje skulde saknaſt i. Han vilde hava so mangt godt og fagert at gjera, i Staden fyre at han no gjeng lik dan, som set Ljoset sitt under ei Skjeppa og korkje kann hitta si eigi Vegaleid elder lysa fyre andre. Dat er so visſt inkje paa denne Maaten, at Embættesflokken skal gjera til inkjes dat Misnøgjet og dei Laſtord, som er boret og endaa beraſt inn paa honom fraa dan andre Sida, og som — dat kann inkje neitaſt — heve voret helder uvyrdne og umilde og stundom jamvel urettvise med. Skal Uviljen og Misnøgjet staggaſt, so er dat fulla paa Tide at Stormannsflokken held upp med at skilja seg ut fyre seg sjølv, som han heve gjort til

dessa, so beint imot dan nye Tid og dei Krav, som no ero uppe. Me sjaa helder inkje annat, en at dei mest upplyste og fremste Menner ute i dei andre Kulturrike grannvart fylgja med og merka seg dei Krav, som stiga upp av Folkehavet. At snu seg storlaatet ifraa deim, høver so myket mindre her heima, som Livskori i seg sjølv ero so myket jamnare en i større og rikare Land. Alt um me just av denne Orsak, at her heima er so myket mindre Skilnad i Livet, inkje tarv hava dan Otten fyre einkvar Umveltings-Flaumen fraa Folkehavet, som dei kunna hava i Utlandom, so skulde daa me her heima likavel helder inkje kjenna oss for trygge, so at me i vaar Trygd gløyma at gjera dat, som baade Klokskapen og i alle Tilfelle Kjærleiken til dat, som sant og godt er, skulde driva oss til at gjera ubedne. Dat er hjaa dan upplyste Flokken at ein ogso kunde venta at finna dan største Offerviljen og dan mildaste og spakaste Døming av dan som mindre veit, og som difyre skulde hava lettaste fyre at gløyma eit hardt og uvitigt Ord fraa denne Sida. Dat skulde ogso koma til at syna seg, at Storfolket vilde vinna og inkje tapa korkje i Magt elder Byrdnad, um dei vilde søkja til Folkemøti og

dar bera fram sine Tankar og gjeva Grunnar fyre sin Meining. Me sjaa inkje annat, en at Alalmugen syner dan sømelege Vyrdnaden fyre Storfolket i slike Tilfelle og lyder baade stillt og med all sin Umtanke paa deim. Naar dei darimot halda seg reint burte fraa slike Stemnor, som Alalmugemannen heve lagt sin Hug paa og held i Æra, so maa ein inkje undraft paa um Alalmugen tapar Vyrdnaden fyre sine Styresmenner, som han daa anten trur at vera for storlaatne elder udugande til at bera fram sine Meiningar med Grunnar, som dat er Gagn i. Og Enden verd paa slik Vis, at Einstødingskapen kjem til at aukaft paa baade Sidor. Men Livsens eigi Magt kjem vonlege snart til at driva Atterhaldsflokken ut or sitt Innestengje, so at han med elder mot sin Vilje kjem til at vera dar Folkeviljen er. Daa fyrst verd Leiken som han skal vera paa Folkemøti. Daa verd dat som eit fulltonande Orgel, dar heile Fløyteverket fraa høgre til vinstre fær laata med. Detta vilja vaare Bondemøte sjølve vera Orsak til, sofremt dei inkje vingla for myket ut or dan gode og skapelege Leidi, og difyre kunna me sjaa med Von og Hugnad ogso paa dette Livsmerke til Alalmenningshugen.

Men me hava endaa eit myket hugnadlegt Merke paa, kor Aalmenningslivet kviknar til juſt paa dan rette Maaten. Me meina Folkehøgſkularne, ſom gro upp dan eine fyre og dan andre etter meſt heile Landet ikring. Og dat er dat beſte med dette gode Maalemnet, at dat er runnet av dat rette, fedralendſke Hjartelaget, ſom med fri Vilje giv ſeg paa Ferd med ei landsgagnleg Gjerning, alt um ho giv myki Møda men liti Føda. Her hava me ei Openberring av dan rette Anden, ſom kann gjera eit Folk ſterkt og vyrdande, um dat er aldri ſo litet. Me kunna inkje annat en gledjaſt i vaart Hjarta, naar me kjem i Hug denne fagre Renningen paa vaart norſke Folketre og inkje minſt av di at han juſt ſyneſt ſyga ſin beſte Save fraa vaar eigi Maalmannsgrein. Dat er fraa Maalmannsflokken at dei koma mange av deſſe varme, hugheile Ungmenne, ſom vilja offra ſin beſte Livsmerg til dan gilde men ſmaafingne Gjerning, at ala upp Noregs Ungdom til norſke Menner og upplyſte Borgarar. Men alle ſo høyra dei ſtødt til dan Flokken ſom vil, at Nordmannſkapen ſkal reiſaſt, alt um inkje kvar og ein av deim, ſo ſom Maalmennerne, endaa heve fenget dan rette hiſtoriſke Syn paa honom elder Maaten, ſom han

beſt og ſnaraſte kann koma upp i Seſſen ſin paa. Dat er ogſo dat gode med denne Høgſkuleſak, at ſo mange um inkje alle Borgarar møtaſt i Samhug, um dei elles i andre Stykke kunna høyra til ſerſkilde Flokkar. Viſtnog ſjaa me ogſo her ender og daa eit Fanteord verda utſlengt fraa dan ſtade Flokken, ſom ſparkar imot alt Framgangsliv; men me ſjaa ogſo, at ei ſtor Mengd av deim, ſom elles miſlika dei andre folkelege Tiltak, her leggja ſitt Samtykkje fram i Dagen. Me ſjaa fulla altfor myket at ein og annan einſtak gamaldagsleg Preſtmann freiſtar med at forkjettra deſſe Skular, ſom inkje vilja hava dan gamle dogmatiſke Taumen paa Lærdomen og Læremaaten og Tankelivet, men me ſjaa ogſo, at dat helſt er unge, hugvarme Teologar og Preſtar, ſom raſtaſt inn i denne velſignade Fylkingen av Høgſkulelærarar. Me ſjaa ogſo, at dat likſom er aat og vil laga ſeg til ein Strid millom tvo kriſtelege Retningar i denne Sak, dan grundtvigianſke og dan pietiſtiſke, men me ſom tru, at Livet juſt heve godt av alt ſømelegt Kappetak, me hava ingen Otte paa oſs paa dette Leitet, tvertimot. Me hava ingen Grunn til at tvila paa, at baade deſſe tvo Flokkarne vilja dat ſom rett er. Og daa maa me tru,

at ingen Ting kann gagnlegare vera, en at dei arbeida Sida um Sida. Er dat nokot skeivt paa baade Sidor, — til Dømes vel myket av dansk Eteraping paa dan eine og helder ufrisk Livssyn paa dan andre — so kann just Kappetaket koma til at slipa av dei kvassaste Kantar hjaa deim baade tvo. I dat heile vona me, at Folkehøgskulen just skal vera ei velsignad Magt til at draga dei ymse Flokkar saman um dan store Tanken, at hindra vaart Folk fraa at sovna av i andlaust Matstræv. Naar Tanken i dei Ordi uppfylleſt, som ein vitug og hugvarm Mann heve sagt, at Maalsaki, Folkehøgskulen og Bondereisingi ero tri Traadar, som skal tvinnaſt i Hop til eit uslitande Reip, daa er dat maa henda Folkehøgskulen, som helst kjem til at vera Reipslagaren. Dat teiknar seg alt godt i fyrste Upphavet, maa tru. Her kann dat høva at nemna ein slik Ting, som at Son hans Søren Jaabæk no sit paa Folkehøgskulen i Gausdal og lyder paa Ordi til dei tvo varme, vidsynte og norsklyndte Mennerne Brun og Janson. At ala upp ei Etterslægt med større Syner, større Upplysning, større Medhug med sin folkelege Misſion, er ei Gjerning, som kann semja alle deim, som hava dan rette norske Malm i Bringa. Just

dette ſanne Maalet, ſom Folkeſkulen heve innſkrivet paa ſitt Merke og ſom ingen kann mæla mot, gjev maa henda ogſo honom dan ſtørſte Magt framfyre nokot annat til at forlika dei Flokkar, ſom no bitaſt og kloraſt ſom Hund og Katt. Dan Ungdomen, ſom heretter kjem flokkande ut fraa deſſe Skularne, ſkal læra at ſleppa Hatet og dan hatefulle Stridsmaaten og derimot at bruka Kjærleiken og Mannamilden. Difyre ſkal han ogſo magta baade at gjera Bonden vyrd og at draga Bymannen inn i vaart nationale Strævv, ſo at alle ſom ein halda dat fram ſom ſitt fyrſte Maal at fremja Nordmannſkapen ſo:

„at naar Federne ſjaa att paa Jordi,
dei kann kjenna ſitt Folk og ſitt Land."

H. K.

I dei ſidſte 8 Dagar av Auguſt Maanad no i Aar heve dat voret ymſe ſterke Toreſlaattar i Grendi um Dortmund, ſom ligg i Veſtfalen i Tydſkland. Paa ymſe Stader vardt dat Folk ihelſlegne av Eldingen, og etter ein Toreſlaatt fylgde dat eit merkelegt Ljon, ſom ſlog ned alt til Botnen i ei djup Gruva i eit Bergverk. I Steinkolgruva „Jakob", ſom ligg ved Byen Steele, treffte Eldingen dan

høge Skorsteinen ein tridjedeil fraa Toppen og foor inn i Pipa og darifraa inn i ei Luftrøyr, som gjekk ut i Skorsteinspipa. Eldingen foor daa nedigjenom denne Røyri og alt ned til Botnen paa Gruva. Dat var 4 Bergmenner i Arbeid her nede. Dan eine av desse, som stod nærmaste Luftrøyri, fall svimeslegen attlengjes ned mot Steingrunnen, og dei andre Arbeidarar kjende ogso dat sterke Slaget. Dan lysande Logen breidde seg samstundes ut yver Solen elder Botnen i Gruva med eit Brak elder ein Smell, som naar ei Knaldhetta av Dynamit smell av. Dat var ingen, som daa med dat same kunde gjera Greida paa kvat dat var, som hendt hadde, for i Gruva vissте dei inkje um, at dat var nokon Toredun upp aa Jordi. Jamvel i ein Gruvegang, som laag 20 Lakter (60 Alner) ifraa dan Gruvegangen, dar Ljonet slog ned, kjende Kolhoggararne dat undarlege Slaget. Dan Arbeidaren, som vardt hardaste trefft, kom seg atter av Svimeslaget og fekk si Helsa atter etter nokre Dagar. Dette Ljonslaget er merkelegt av di, at dat hadde gjenget so langt ned og inn i Jordi utan at slaa seg sund (elder utskifta Elektriciteten) so som dat elles hender myket snøgt, naar Ljonet treffer Jordi.

Avlingen av Korn (Kveite, Rug, Bygg, Havre og Mais) er fyre Aaret 1870 i:

	Tunnor.
Rufsland	344,137,500
Sambands-Riki i Nordamerika*)	309,428,541
Tydfkland	186,884,956
Frankrike	178,259,544
Aufterrike	123,143,306
Storbritania og Irland	89,946,858
Italia	47,436,140
Rumænia og Serbia	38,000,000
Finnland og Polen	31,600,000
Europæifke Tyrkland	28,000,000
Belgia	16,288,728
Holland	9,300,000
Portugal	7,474,186
Sveits	4,360,000
Grekland	2,350,000

I Nordlandom var Avlingen:

	Tunnor.
i Noreg (etter Kunngjerd av 1865)	3,078,255
i Sverike („ „ „ 1868)	9,342,155
i Danmark („ „ „ 1866)	16,993,368

*) Dette er etter Aaret 1869, men etter Talet i 1870 gjeng dat yver 500,000,000 Tunnor.

Innehald.

Sida.

Livet ute. Av Henrik Krohn . . . . . 3.
Gamle Klokkaren. Av Olav Lofthus . . 5.
Den Draumen min. Av S. G. . . . . 17.
Eit litet Ferdaminne. Av Hans Mo. . . 31.
Um Dogg og Hela (elder Rim). Etter Wilhelm Baer . . . . . 42.
Ute og heima. Av H. K. . . . . 55.

Hermed fylgjer som Tillag fyre Lagsmennerne:

Kortfattet Fremstilling af den oldnorske Formlære af M. Nygaard.